

---

**Saksnr:** 2023/882-11  
**Saksbehandlar** Sølve Dag Sondbø  
**Dato:** 02.03.2023

---

---

**Til:** Vestlandsrådet AU

---

**Frå:** Fylkesdirektøren i Vestland

---

## Vestlandsrådet på Arendalsveka.

På møte i Vestlandsrådet, 7.februar 2023, vart det handsama sak om muleg deltaking av Vestlandsrådet under Arendalsveka. Det vart gjort følgjande vedtak;

*«Vestlandsrådet ber om at vestlandsfylkene blir representert under Arendalsuka med felles arrangement som setter viktige tema fra Vestlandsrådets næringsstrategi på dagsorden.»*

Fylkesdirektøren legg med dette fram eit notat som skisserer eit mogleg opplegg for synleggjering av Vestlandsrådet under Arendalsveka.

### Vestlandsrådet på S/S Statsraad Lehmkuhl

Vestland fylkeskommune har bestilt to møtetidspunkt under Arendalsuka på Statsraad Lehmkuhl. Begge tidspunkta gjeld framre banjer og det er kapasitet til 70 personar i lokale for seminar/møte. Det er bestilt to tidspunkt med intensjon om at Vestlandsrådet kan overta det eine tidspunktet.

Statsraad Lehmkuhl vil vere det største og mest synlege skipet i Arendal og få god plassering i hamna. Skipet får også ekstra merksemd no som jordomseglinga vert avslutta i april. Vi vurderer at skipet er eit godt egna møtelokale og skipet har lang erfaring med å arrangere møte om bord under tidlegare Arendalsveker.

Møtetema om bord skal vere knytt til hav i vid forstand. Alle Vestlandsfylka er havfylke og tema for eit arrangement kan til dømes gjelde maritim næring, marin næring, sjømat, fiskeri, kystsonoplanlegging, havvind, omstilling i petroleumsnæringa, klima, plast, kysten som transportveg, miljøvenleg hurtigbåtar og ferjer, infrastruktur for miljøvenleg skipsfart, forvaltning av havet etc.

Vestlandsrådet vil kunne velje eit av desse to tidspunkta:

- **Tysdag 15.08. kl. 10 – 12**  
Framre banjer, maks tal 70 til seminar / foredrag, kr 45 000,- eks mva for 2 timer, (2 timer inkludert 15 min changeover før og etter arrangementet, sjølve arrangementet må altså planleggast med 1,5 time)

- **Onsdag 16.08. kl. 14 – 16**  
Framre banjer, maks tal 70 til seminar / foredrag,  
kr 45 000,- eks mva for 2 timer, (2 timer inkludert 15 min changeover før og etter arrangementet, sjølve arrangementet må altså planleggast med 1,5 time)

Statsraad Lehmkuhl stiller med:

- Lyd og skjerm, (standard pakke inkluderer 1 Skjerm ca 55 tommer og 4 myggar pluss en handhalde mikrofon). Eget oppsett for kva som er tilgjengeleg for de ulike arrangementsstadane om bord vil bli sendt over når detaljane frå leverandør er mottatt. Ytterlegare utstyr kan leigast, men vil da medføre tillegg i leigeprisen.
- Standard prosjektleiing for arrangementa.
- Skjenkebevilling og personell til servering.
- Avfallshandtering.
- Tilgang til toaletta og reinhald av disse.

Dette er ikkje inkludert i avtalen:

- Mat og drikkevarer til arrangement etter avtale.
- Påmelding arrangement til Arendalsuka.
- Registrering av gjester der det er naudsynt

I tillegg til vilkåra for Arendalsuka stiller Statsraad Lehmkuhl følgande krav til samarbeidspartnarar:

- Det er ikkje tillatt å dele ut reklameartiklar av miljøomsyn.
- Arrangementa må være knytt til tema HAV.

Statsraad Lehmkuhl skal seile frå Bergen til Arendal. For å sikre at toktet blir mest mogleg berekraftig, både for skip og enkeltpersonar må kvar arrangør sende minimum to personar enten Bergen – Arendal 10.08 – 13.08 eller Arendal – Bergen (18.08 – 21.08)

### Konklusjon

Fylkesdirektøren går inn for at Vestlandsrådet arrangerer eit opent møte under Arendalsuka, der felles vestlandsinteresser knytt til eit havrelatert tema vert sett på dagsorden.

Vestlandrådet overtek eit av Vestland fylkeskommune sine fastlagte møtetidspunkt på Statsraad Lehmkuhl og løyver kr 45.000 til arrangementet.